

---

Saksnr: 2020/50272-2  
Saksbehandlar: Bjørn Snorre Waage

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.09.2020

**Retningslinjer for økonomisk støtte til Attraktive tettstader i bygdene kring villrein fjellet (Setesdalane og Ryfylkeheiane) - Heiplanen**

Forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forslag til retningslinjer for den regionale støtteordninga *Attraktive tettstader i bygdene* kring villrein fjellet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
2. Vestland fylkeskommune føreset at Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark fylkeskommunar godkjenner retningslinene.
3. Heiplansekretariatet får fullmakt til å handsame og avgjere søknader som kjem inn til støtteordninga.

Samandrag

Fylkestinga i Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold Telemark godkjende handlingsprogrammet 2020 - 2023 til Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, Heiplanen, våren 2020. I samsvar med satsingsområdet Bygde- og næringsutvikling i handlingsprogrammet er det utarbeida forslag til retningslinjer for ei regional støtteordning kalla Attraktive tettstader i bygdene kring villrein fjellet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, kalla Heiplanen, blei endeleg vedtatt og godkjend av fylkestinga våren 2012. Handlingsprogrammet 2020 - 2023 til regionalplanen vart godkjend i fylkestinga våren 2020. Handlingsprogrammet finn de her <https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/naringsutvikling/regional-plan-for-setesdal-vesthei-ryfylkeheiane-og-setesdal-austhei-heiplanen/>

Tettstadutvikling er eit av tiltaka til satsingsområdet «Bygde- og næringsutvikling». Tiltaket skal følgjast opp ved å: opprette ei regional støtteordning for kommunane med areal i Heiplanområdet kalla Attraktive tettstader i bygdene. Miljødirektoratet støttar tiltaket med kr. 700.000 frå det nasjonale programmet Villreinfjellet som verdiskapar. Dei set krav om 50% finansiering frå fylkeskommunane. Den økonomiske støtta frå Miljødirektoratet gjeld for budsjettåret 2020. Det skal utarbeidast retningsliner for støtteordninga som skal politisk godkjennast i kvart fylke som er med i plansamarbeidet.

Dei fire fylkeskommunane har til saman sett av kr. 700.000 i eige budsjett for 2020. Vestland fylkeskommune sitt bidrag er 55.000 kroner.

Heiplansekretariatet har utarbeida forslag til retningsliner for den regionale støtteordninga Attraktive tettstader i bygdene med undertittel kring villreinfjellet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Under følgjer forslag til retningsliner dagsett 2. september 2020:

ATTRAKTIVE TETTSTADER I BYGDENE - kring villreinfjellet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	
FORANKRING	Støtteordninga er forankra under satsingsområdet Bygde- og næringsutvikling i handlingsprogrammet 2020-2023 til Heiplanen. Handlingsprogrammet vart godkjend i fylkestinga i Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark fylkeskommunar våren 2020.
FØREMÅL	Hovudføremålet er bygde- og næringsutvikling med søkelyset på levande bygde- og grendesentra i kommunane kring villreinfjellet. Attraktive bygde- og grendesentra er ein viktig strategi i regional- og distriktpolitikken for å utvikle og oppretthalde vekstkræftige lokalsamfunn, busetting og sysselsetting i distrikta. Attraktivitet er eit heilskapleg omgrep som handlar om at det skal vera bu og leve-, nærings- og gjestelyst i og til bygdene. Støtteordninga har som hovudføremål å styrke attraksjonskrafta til bygde- og grendesentra med å legge til rette for opplevingar og aktivitetar som <i>spelar på lag</i> med natur- og kulturkvalitetane til villreinfjellet.
KVEN KAN SØKJA	Kommunane som er definert med i heiplanområdet, jf Heiplanen. Heiplanen vart vedtatt før kommunereforma. Det tyder at Sandnes kommune kan søkja om økonomisk støtte til utvikling av bygde- og grendesentra i tidlegare Forsand kommune. Det same gjeld Ullensvang kommune som kan søkja for bygde- og grendesentra i tidlegare Odda kommune.
KORLEIS SØKJA	Søknaden skal opprettast og skrivast elektronisk i <a href="http://www.regionalforvaltning.no">www.regionalforvaltning.no</a> under støtteordninga <i>Attraktive tettstader i bygdene</i> . I søknadsmalen skal de mellom anna skildra: namn og føremålet med prosjektet/tiltaket, organisering/samarbeidspartnarar, innhald, forventa resultat og effektar, framdriftsplan, kostnadsplan/budsjett og finansieringsplan.
SØKNADSRIST	15. januar 2021. Støtteordninga med søknadsfrist vert kunngjort på heimesida til fylkeskommunane og med brev til kommunane. Søknadene blir vurdert og handsama av Heiplansekretariatet.
KONTAKTPERSONAR	<i>Informasjon om korleis bruka søkjarportalen:</i> Torhild Haugen, Rogaland fylkeskommune tlf.: 51 51 69 28 <i>Informasjon om støtteordninga og hjelp til å utforme prosjekt og søknad:</i> Heiplansekretariatet.

<b>KVA KAN DET SØKJAST OM</b>	Det kan søkjast om økonomisk støtte til fysiske tilretteleggingstiltak som er i tråd med føremålet. Det kan søkjast om økonomisk støtte til forprosjekt for å finna ut kva som skal gjerast og korleis.
<b>KOR MYKJE KAN DET SØKJAST OM</b>	Det kan gjevast inntil 50% økonomisk støtte av godkjent budsjett. Maksimal støtte er kr. 250.000. Godkjend timepris for eigeninnsats er maks 1 promille av brutto årsløn med ei maks grense på kr. 800 per time. Det kan betalast 80% av støtte når prosjektet startar. Resten blir betalt ut når det vert oppmoda om sluttutbetaling med rapport og rekneskap
<b>VURDERINGS-KRITERIAR</b>	<i>Følgjande vert lagt vekt på ved vurdering av søknader:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forankring i regionale og kommunale planar/strategiar</li> <li>• Potensialet for å styrke attraksjonskrafta og verdiskapinga</li> <li>• Bruken av natur- og kulturarv i villrein fjellet for å styrke attraksjonskrafta til bygde- grendesentra</li> <li>• Samarbeid, medverknad og involvering</li> <li>• Geografisk spreing</li> <li>• Prosjekta/tiltaka må ikkje vera i konflikt med leveområda til villreinen</li> </ul>
<b>VILKÅR FOR STØTTE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei som får støtte skal dela erfaringar og kunnskap frå prosjekta på Heiplansamlingar.</li> <li>• Prosjektet/tiltaket må gjennomførast i samsvar med søknaden og godkjend budsjett. Det kan ikkje gjerast vesentlege endringar utan godkjenning frå Heiplansektariatet.</li> <li>• Om prosjektet/tiltaket ikkje blir gjennomført som planlagt, kan Heiplansektariatet redusera tilskotet tilsvarande. Heiplansektariatet kan krevja å få tilskotet betalt tilbake om vilkåra vert brotne.</li> <li>• Det skal førast ein eigen rekneskap for prosjektet med postar som gjer det mogleg å samanlikna rekneskapen med godkjend budsjett. Rekneskapen skal vera ein del av årsrekneskapen til søkjaren og reviderast som ein del av dette. Det er difor ikkje krav om at endeleg prosjektrekneskap skal vera stadfesta av ein autorisert revisor.</li> </ul>
<b>UTBETALING</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• De som har fått eit tilsegn om økonomisk støtte må be om å få betalt ut støtta. De gjer dette i <a href="http://www.regionalforvaltning.no">www.regionalforvaltning.no</a>. Det vert sett ein arbeidsfrist for prosjektet/tiltaket i løyvinga. Denne fristen gjeld og for å oppmoda om sluttutbetaling med vedlagt rapport og prosjektrekneskap.</li> </ul>

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Regional- og distriktpolitikken har søkelyset på vekstkraftige og levande lokalsamfunn for å styrke busettinga og sysselsettinga i distrikta. Eit sterkt næringsliv skal medverka til å oppretthalda busettingsmønsteret og vidareutvikla levande bygder. Livskraftige og attraktive lokalsamfunn er ein føresetnad for utvikling. I Distriktsmeldinga (2019 - 2020) seier regjeringa at dei ynskjer levande lokalsamfunn og vekst i heile landet. Meldinga understrekar at det viktigaste for levande lokalsamfunn i heile landet er eit næringsliv som opprettheld og skapar nye lønsame arbeidsplassar.

Regjeringa vil legge til rette for kreativitet, skaparkraft og kunnskap som finst i distrikta. Ved å gi samfunnet vårt fleire bein å stå på, kan vi sikre levande lokalsamfunn for framtida. Det er potensial for å utnytte de rike naturressursen som ligger i utmark til ulike former for verdiskaping, knytt til dømes til reiseliv og turisme. Kjelde: Distriktsmeldinga

Tilrettelegging for lokal verdiskaping og næringsutvikling i bygdene kring villrein fjellet med bruk av natur- og kulturkvalitetane til villrein fjellet, er ein god utviklingsstrategi for å vidareutvikla levande og livskraftige bygder og lokalsamfunn. Satsinga på bygde- og grendesentra gjer at det vert lagt til rette for aktivitetar og opplevingar som styrkar attraksjonskrafta til distriktskommunane utan å vera i konflikt med leveområda til villreinen. Næringsutvikling heng tett saman med lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet. Målet er å styrke attraksjonskrafta til bygdene for fastbuande, næringslivet, tilflytting og som reisemål. Retningslinene bygger opp om dette.

Forslaget til retningsliner er konkrete og gode, og det skal mellom anna leggjast vekt på å få geografisk spreing av søknader. Kommunane som får økonomisk støtte skal mobilisere med å formidle kunnskapar og erfaringar på framtidige Heiplansamlingar. Det er positivt at forslaget til retningsliner rettar seg mot konkrete og fysiske tiltak.

#### Vedtakskompetanse

Fylkestinget har avgjerdsmynde i saka, jamfør delegasjonsreglement 2.1.1. Regional planlegging, plan og bygningslova §§7-1 og 8-1; kulepunkt 2: [Fylkestinget] vedtek handlingsprogram for regionale planar.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Fylkestinget har gjennom vedtak av handlingsprogrammet allereie vedtatt at Vestland fylkeskommune bidreg med støtte til handlingsprogrammet. For 2020 er bidraget på 55.000 kroner.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Vekstkraftige og levande lokalsamfunn som vil styrke busettinga, sysselsettinga og eit sterkt næringsliv i distrikta, vil vere eit godt bidrag i rett retning av måla i utviklingsplan for Vestland fylke.

#### Konklusjon

Tilrettelegging for lokal verdiskaping og næringsutvikling i bygdene kring villreinfjellet med bruk av natur- og kulturkvalitetane i distrikta, er ein god utviklingsstrategi for å vidareutvikla levande og livskraftige bygder og lokalsamfunn. Satsinga på bygde- og grendesentra gjer at det vert lagt til rette for aktivitetar og opplevingar som styrkar attraksjonskrafta til distriktskommunane utan å vera i konflikt med leveområda til villreinen. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til forslag til retningsliner for økonomisk støtte til tettstadutvikling kring villreinfjellet.